

«mottakernavn»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»
«KONTAKT»

Dato: 26.11.2025
Vår referanse: 2024/2702-5
Sakshandsamar: Anne-Sofie Bergene Strømme

Delegert vedtak
Plan, økonomi og bærekraft - nr. 10/25

99/994 - Reguleringsplan for Haukelifjell skisenter 99/4 og 99/6, planID 20150004 - løyve til arealoverføring og mindre endring av plankart - utviding av tomt T11 innanfor Bff1

Vedtak

Plankartet i reguleringsplan for Haukelifjell skisenter 99/4 og 99/6, planID 20150004, blir endra i medhald av plan- og bygningslova § 12-14, 2. ledd, slik det er synt i figur 3. Det blir samstundes gjeve løyve til arealoverføring frå eigedom 99/4 i medhald av plan- og bygningslova § 20-1, bokstav m, slik det er synt i figur 3. Det vert sett som føresetnad at arealet vert lagt til eigedom 99/994.


Bakgrunn

27.08.2024 søkte dåverande eigar av 99/994 Haukelifjell Utvikling AS om arealoverføring frå eigedom 99/4 til eigedom 99/994. For handsaming av løyve til arealoverføring krev det ei planendring av reguleringsplan for Haukelifjell skisenter 99/4 og 99/6, for utviding av tomt T11 (99/994) innanfor feltet Bff1.


Utdrag av føresegnene for tomt T11 innanfor feltet Bff1:

§5.1.2 Fritidsbusetnad – frittliggjande, Bff1 og Bff3


- a) Samla utnytting per tomt skal ikkje overstige BYA=30%. Største bygning per tomt skal ikkje overstige BYA=120 m². Det er høve til å etablere inntil 2 separate bygg per tomt, der andre bygg i tillegg til hovudbygg ikkje skal overstige BYA=25m². Samla utnytting per tomt skal ikkje overstige BYA=25% for tomter med helling mellom 1:3 og 1:4, og BYA=20% for tomter med helling brattare enn 1:3.
- b) Maksimal mønehøgde skal ikkje overstige 8,5 m målt frå gjennomsnittleg planert terrenghøgde inntil bygget.
- c) Det er høve til å etablere sokkeletasje, dersom terrenget på tomta fell med minst 1:4 eller meir. Det skal etablerast sokkeletasje, dersom terrenget innanfor den tiltenkte byggjegropa fell med 1:3 eller brattare.
- d) Der terrenget fell med meir enn 1:3, skal byggets totale breidde på tvers av høgdekotene maksimalt vera 7 m.
- e) Der terrenget fell med meir enn 1:3, skal ein vurdere serskilte løysingar, som avtrapping i «halvetasjar» og alternativ fundamentering.



Figur 1. Lokalisering av tomt T11 (99/994) er synt med svart markør, og ligg innanfor reguleringsplan for Haukelifjell skisenter 99/4 og 99/6.



Figur 2. Utsnitt av plankart før endring.



Figur 3. Utsnitt av plankart etter endring. Ny tomtegrense tomt T11 og arealoverføring til eigedom 99/994 er merka med blå line.

Planendringa og arealoverføring er i tråd med gjeve byggjeløyve 18.09.2024, delegert sak 133/24. Justeringa får ingen konsekvensar for utnyttingsgraden eller omgjevnaden kring. Normalt vert slike mindre saker sendt på ei høyring. Endringa her har ingen konsekvensar for andre enn noverande heimelshavar på tomt T11 (99/994) og tiltakshavar av planen (99/4), og det er difor vurdert at det ikkje er naudsynt å sende dette på høyring. Dersom partane som mottek vedtaket ikkje er samd i endringa, så kan dei klage på vedtaket.

Klage

Du kan klage på vedtaket. Klaga må sendast skriftleg til Vinje kommune, Vinjevegen 192, 3890 Vinje eller postmottak@vinje.kommune.no innan 3 veker. Dersom kommunen ikkje tek klaga til fylgje, blir klaga sendt til statsforvaltaren. Statsforvaltaren tek endeleg stilling til klaga.

Lovverk

Mindre planendring i medhald av plan- og bygningslova § 12-4, 2. ledd.
Klagerett i medhald av plan- og bygningslova §§ 1-9, jf. forvaltningslova kap. VI.
Arealoverføring i medhald av plan- og bygningslova § 20-1, bokstav m.

Gebyr

Faktura for handsaming av søknaden fell frå på grunn av lang sakshandsamingstid.

Dokument i saka

[Reguleringsplan for Haukelifjell skisenter 99/4 og 99/6, planID 20150004](#)
[Kommunedelplan Vågslid, planID 20080014](#)

Med helsing

Anne-Sofie Bergene Strømme

*plan- og miljørådgjevar
Økonomi og samfunn*

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Mottakrarar:

JARLEIV MELAND
STINE BASTLIEN VINJE
HALVOR VINJE